



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 01.03.2016
Tid: 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordførar



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 39/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 40/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 41/16	Ørsta/Volda Lufthamn - Søknad frå Avinor AS om kjøp av kommunal grunn
PS 42/16	Orienteringssaker
OS 28/16	Høgskulen i Volda - nybygg for mediefag - programprosjekt
OS 29/16	Kommunereform

PS 39/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 40/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Arnstein Nupen/ Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2016/246
		Arkivkode:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/16	Formannskapet	01.03.2016

ØRSTA/VOLDA LUFTHAMN - SØKNAD FRÅ AVINOR AS OM KJØP AV KOMMUNAL GRUNN

Administrasjonen si tilråding:

Avtale mellom Avinor AS og Volda og Ørsta kommuner vedkomande erverv av grunn frå gnr. 52 bnr. 52, rett til å ha ståande gjerde på gnr, 52 bnr. 52 og rett til å ha innflygingslys på gnr. 56 bnr. 13 vert godkjent som den ligg føre som vedlegg 1 i denne saka.

Vedleggsliste:

1. Forslag til avtale
2. Kartskisse over evervsareala
3. Kartskisse innflygingslys
4. Avtalen om atterkjøpa frå 2002
5. Brev av 1.2.16 frå adv. Solevåg

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saka gjeld i det vesentlege kjøp av areal av gnr. 52 bnr. 52 i Ørsta kommune.

Dette er areal som er eigd i fellesskap av Ørsta og Volda kommuner.

Ørsta eig 9/16 og Volda 7/16.

Vidare gjeld det rett til å ha gjerde langs grensa for flyplassområdet på kommunalt areal og rett til å ha innflygingslys på gnr. 56 bnr. 13.

Saksopplysningar:

Det har i lengre tid vorte ført forhandlingar mellom kommunene og Avinor AS om overdraging av areal frå kommunen til Avinor AS. Utgangspunktet var opphaveleg at Avinor AS var interessert i å få kjøpe eit areal på ca. 200 dekar. Ut frå vurderingar som Avinor AS

har gjort er det no ynskje om å kjøpe eit areal på samla ca. 12,4 dekar. Dette gjeld to område. Begge er markert med grøn farge på vedlagde kart. Det eine er på ca. 2.193 m² og ligg rett aust for hangaren til Volda/Ørsta Flyklubb. Arealet er i dag nytta til parkeringsareal for flyplassen, disponert av Avinor AS. Det andre arealet ligg rett vest for eksisterande flyhangar. Arealet er berekna til ca. 10.211 m². Dette arealet var tidlegare ein del myrområdet i/ved Hovdetjønna, og har siste åra vorte fylt opp med steinmasser for å få eit godt underlag. Dette arealet har og vore disponert av Avinor AS.

Det er etter avtaleframlegget ikkje aktuelt å kjøpe arealet vidare mot vest. Her ynskjer Avinor AS framleis å få disponere arealet mot å stelle arealet. Dei ynskjer vidare å ha gjerde ståande i grensa for området med fullt ansvar for drift og vedlikehald. Inne på dette området ligg det eit brannøvingsfelt. Denne avtalen legg ikkje opp til at det vert noko endring av eigarskap til anlegget eller ansvarstilhøve for ureiningar i grunnen.

Langs ein del av grensa mot veg langs industriområdet sør for flyplassen er det Ørsta kommune som er eigar åleine. Det er ca. 300 meters lengde på dette området. Her er det utarbeidd separat avtale mellom Avinor AS og Ørsta kommune.

Til sist ynskjer Avinor AS å ha rett til plassering av innflygingslys på gnr. 56 bnr. 13. Dette arealet er festa til Norges Automobilforbund. Det vert presisert i avtalen at tilhøvet mellom grunneigarane, Volda og Ørsta kommuner og festar, NAF, ikkje vedkjem Avinor AS. Til orientering står alt desse innflygingslysa på denne eigedomen.

I 2002 vart det inngått ei avtale mellom Samferdselsdepartementet og Volda og Ørsta kommuner om atterkjøp av areal som i dag er eigd av staten ved Avinor AS. Dette gjeld gnr. 52 bnr. 118. Det gjeld flystripa og areal aust for stripa fram til fylkesvegen, mot vest nesten til glattkøyringsbana til NAF, mot nord til grensa mot E 39, sørover langs rullebana, takseområdet og området der bygningane på flyplassen ligg. Kommunene har rett til atterkjøp om eigedomen ikkje lenger skal nyttast til luftfartsføremål. Det vart her fastsett ein kvadratmeterpris for arealet på kr 3,50 (kroneverdi i 1997). Denne summen er det tatt utgangspunkt for i fastsetjinga av kjøpesum. Det er avtalt ein rund sum på kr 63.000, tilsvarande ein kvadratmeterpris på kr. 5.05.

Arealet vest for flyhangar er regulert til offentleg trafikkområde. Arealet aust for hangaren til Volda/Ørsta flyklubb er regulert til flyplass/privat parkering.

Forhandlingane har vore ført mellom Avinor v/seksjonssjef for plan og grunn Berit Jorid Flore og lufthamnsjef Sverre Bae og Ørsta kommune ved rådgjevar Svein Silseth/rådgjevar Arnstein Nupen og Volda kommune ved rådgjevar Per Ernst Lundberg. Kommunene har nytta advokat Knut-Asbjørn Solevåg i saka. Kostnad med juridisk hjelp vert betalt av Avinor AS.

Vurdering og konklusjon:

Avtaleframlegget bygg i stor grad på avtalen frå 2002. Det arealet som Avinor AS ynskjer å kjøpe utgjer areal som Avinor AS nyttar aktivt i dag, og areal som det i nær framtid kan bli aktuelt å nytte. Reguleringsformålet er som nemnt transport og flyplass/parkering. Det resterande arealet som Avinor AS ynskjer å framleis disponere ligg innanfor det sikkerheitsgjerdet som er sett opp rundt flyplassområdet i dag. Kommunene kan ikkje nytte det til noko alternativ bruk, jfr. reguleringsplanen. Ved at Avinor AS tek på seg ansvar for stell av området samt drift og vedlikehald av gjerdet vil det ikkje gi noko utgift for kommunene.

Når det gjeld området som er brannøvingsfelt vert det som tidlegare lagt til grunn at vanlege prinsipp etter forureiningslova skal gjelde. Dette avtaleframlegget endrar ikkje på dette.

Prisen byggjer som nemnt på avtalen frå 2002. Sum er framskriven med auke i konsumprisindeks. Det sentrale her er at det er vilkår om atterkjøp til same pris som etter denne avtalen, med oppjustering av konsumprisindeks. Det som kjem i tillegg er marknadspris for dei investeringane som Avinor gjer på areala etter overtaking. På den andre sida skal dei investeringane kommunene har gjort ved opparbeiding av gnr. 52 bnr. 123, hangartomta (eigar Avinor AS) og ”trekanttomta”, det austlege arealet Avinor AS ynskjer å kjøpe, kome til frådrag. Her er det gjort arbeid i grunnen, og bygging av hangar.

Vilkår om atterkjøp sikrar at kommunen vil få hand om arealet om det skulle skje at flyplassen vert vedteken lagt ned.

Samla vert det tilrådd å godta avtalen som det ligg føre. Flyplassen er eit viktig gode for lokalsamfunna og bygdene som kan nytte seg av flyplassen. Innan det rimelege sine grenser er innstillinga frå administrasjonen at det må leggest til rette slik at vi har ein flyplass i regionen, og at det vert mogeleg å utvikle denne vidare.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Ørsta kommune
v/rådgjever Arnsten Nupen
for vidare oppfølging.

AVINOR AS
Pb 150
2061 Gardermoen
Org.nr: 985 198 292

Lufthamn: Ørsta-Volda Hovden
Kommune: 1520 Ørsta
Saksnr. 11/02773

AVTALE OM ERVERV AV GRUNN OG RETTAR

mellom

Avinor AS

og

Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6150 Ørsta
som eigar av 9/16 av gbnr. 52/52 og 56/13

og

Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda
som eigar av 7/16 av gnr. 52 bnr. 13 og 52

i Ørsta kommune.

0. INNLEIING

I samband med godkjenning av Ørsta-Volda lufthamn Hovden, har Avinor gjennomført tiltak på lufthamna for å tilfredsstille krav som er stilt. Tiltaka er delvis gjennomført på areal som tilhører kommunane, og Avinor ervervar frå kommunane delar av areal som er avsett til lufthamn i reguleringsplan for flyplassområdet med delar av Hovdebygda, eigegodkjent av kommunestyret 31.03.2011. Ervervet omfattar og areal som er regulert til anna formål, slik det er vist på kartvedlegg.

1. AVSTÅING

Underteikna grunneigarar overdrar til Avinor ca 12,4 daa av ovannemnde eigedommar, vist med grøn farge på vedlegg 1.

2. RETT TIL GJERDE

Avinor får rett til å ha lufthamngjerde ståande på ovannemnde eigedom, slik det er sett opp og vist på vedlegg 1. Avinor har det heile ansvaret for drift og vedlikehald av gjerdet, og har rett til å nytte naudsynt areal i samband med dette. Avinor kan gjere mindre justeringar av traseen dersom det er naudsynt.

Avinor har ansvar for å stelle kommunane sitt areal på innsida av gjerdet.

3. RETT TIL INNFLYGINGSLYS

Avinor får varig rett til å ha innflygingslys på gbnr. 56/13, plassering går fram av vedlegg 2. Tilhøvet mellom grunneigarane og festar av tomta er Avinor uvedkommande.

Avinor får og rett til å drive ettersyn, vedlikehald, og reparasjonar, samt framtidig utskifting

til anna utstyr med rimeleg tilsvarande funksjon.

4. TILTREDE

Avinor har teke i bruk arealet.

5. ERSTATNING

Avinor betaler ei eingongserstatning på kr. 63 000,- til grunneigarane for erverv etter punkt 1, 2 og 3. Erstatninga er avtalt som rund sum, og skal dekke alle skader og ulemper som avståinga medfører.

Beløpet blir utbetalt til konto: når deling er gjennomført og heftefritt skøyte er tinglyst.

6. ATTERKJØP

Dersom lufthamna blir vedteken nedlagt, kan grunneigarane krevje heilt eller delvis atterkjøp av arealet. Prisen ved atterkjøpet blir sett til den same som for ervervet etter denne avtalen (5,05 kr/m²), oppjustert med konsumprisindeksen (KPI) til det tidspunktet atterkjøpet vert gjort gjeldande. Det skal gjerast frådrag for investeringane kommunane har gjort i samband med opparbeiding av gbnr. 52/123 og «trekanttomta» vist på vedlegg 1.

Dersom grunneigarane gjer atterkjøp gjeldande, skal det betalast marknadspris for dei opparbeidingane Avinor gjer på areala etter overtakinga.

7. OPPMÅLINGSFORRETNING

Avinor får fullmakt frå grunneigarane til å søke om dei nødvendige løyver etter plan- og bygningslova, og krevje forretningar etter matrikkellova som er nødvendig for å overdra eigedommar etter denne avtalen. Avinor dekker alle kostnader i samband med delinga.

8. BRANNØVINGSFELT

Partane er einige om at denne avtala ikkje endrar eigarskap til anlegget eller ansvarstilhøvet for ureininga på det gamle brannøvingfeltet på gbnr. 52/52. Plassering av brannøvingfeltet er vist med lilla skravur på vedlegg 2.

9. KOSTNADER TIL JURIDISK BISTAND MV

Avinor dekker nødvendige utgifter i samband med inngåinga av denne avtale jf. skjønnsprosessloven § 54.

10. TINGLYSING

Avinor kan, for eigen kostnad, tinglyse avtalen på gbnr. 52/52 og 56/13 i Ørsta kommune.

XXXXXXXXXX

Denne avtale er signert i tre eksemplar, eit til kvar av partane.

Grunneigar:

.....den

For Avinor:

Oslo, den


Ørsta kommune
Org.nr.:

Jan Ivar Lunde
Avdelingsleder plan og grunneiendom
Org.nr: 985 198 292

Volda kommune
Org.nr.:

Vedlegg:

1. Kart med erverv, datert 19.01.2016,
2. Kart med innflygingslys, datert 21.03.2006
3. Avtale om atterkjøp mellom Ørsta kommune og Samferdselsdepartementet, datert 12.12.2001.



AVINOR 

Ørsta/Volda lufthamn, Hovden (ENOV)
 Grunnkart
 Erverv
 Produsert av: cabj
 Utskriftsdato: 19.01.2016 Målestokk: 1:2000

4

TINGLYST

23 DES. 2002

SØRE SUNNMØRE TINGRETT
DAGBOKNR.: 5758

AVTALE OM ATTERKJØP

I samanheng med statleg overtaking av Ørsta-Volda lufthamn er det inngått følgjande avtale mellom Ørsta kommune og Samferdselsdepartementet om atterkjøp av lufthamna.

6NK 52 6NK 118

1. Dersom det blir gjort vedtak om at eigedomen ikkje lenger skal nyttast til luftfartsføremål, kan kommunen krevje atterkjøp. Kravet må gjelde eigedomen med bygningar og anlegg dersom staten vil avhende dette. Dersom kommunen nytter denne retten, må han ta over plikter som kviler på eigedomen.
2. Lufthamneigaren (Luftfartsverket) skal gjere sitt beste for å få bort skyldnader og plikter som kviler på eigedomen, og som her samanheng med luftfartsføremål, når nedlegging av lufthamna blir aktuell.
3. Kommunen må gjere atterkjøpsretten gjeldande seinast tre månader etter at det er gjort endeleg vedtak om nedlegging; eller tre månader etter at staten har sett fram tilbod om atterkjøp. Dersom kommunen ikkje har kravd atterkjøp innan tre månader, feil retten til å krevje atterkjøp bort.
4. Prisen på grunnen vert sett til historisk kost på kr 3,50 per kvadratmeter (1997-kroner), oppjustert med konsumprisindeksen, til kroneverdien på tidspunktet for eit mogeleg atterkjøp. Den grunnen som er omfatta av atterkjøp anslås til 201 dekar og er vist med skravur på vedlagt kart datert 10.10.2002. Ved atterkjøp tek kommunen over grunnen slik han er med asfaltdekker og innretningar i grunnen.

Prisen for bygningane skal fastsetjast til det eigedomen er verd i fritt sal, til annan bruk enn lufthamn. Dersom partane ikkje blir einige om prisen, skal han fastsetjast ved rettleig skjøn etter skjønnsprosesslova § 4.

Innan tre månader etter at det ligg føre rettskraftig avgjerd, må kommunen melde frå om han vil kjøpe eigedomen til den prisen som er fastsett eller ikkje.

6

Dersom kommunen ikkje har godteke prisen innan denne fristen fell retten til atterkjøp bort.

* * *

Denne avtalen er undertekna i to originale eksemplar, slik at partane har kvart sitt.

Oslø, 4/11 2002




For staten v/Samferdselsdepartementet

Ørsta, 12/12 2002




For Ørsta kommune

Volda, 11/12 2002



For Volda kommune





ORDFØRAREN I
VOLDA KOMMUNE

Vedlegg: Kart over lufthamn

TINGLYST
23 DES. 2002

SØRE SUNNMØRE TINGRETT
DAGBOKNR.: 5458





5

ADVOKAT
KNUT-ASBJØRN SOLEVÅG
MEDLEM AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

Ørsta kommune
Ordføreren
Dalevegen 6
6153 ØRSTA

Ålesund, 1. februar 2016

Dykkar ref.: Spesialrådgjevar Arnstein Nupen

Sak: Avinor AS - Ørsta kommune / Volda kommune
Tingingar om kjøp av grunn Ørsta – Volda lufthamn
Framlegg til avtale etter drøftingsmøte Ørsta – Volda lufthamn 28.01.16

Eg syner til drøftingsmøte Ørsta – Volda lufthamn 28.01.16 vedkomande ovannemnde.

Frå Ørsta kommune møtte spesialrådgjevar Arnstein Nupen og rådgjevar Svein Silseth.

Frå Volda kommune møtte rådgjevar Per Ernst Lundberg.

Begge kommunane var representert av underskrivne.

Avinor AS var representert av seksjonsleiar Plan og grunneigedom Berit Jorid Flore og av lufthamnsjef Sverre Bae.

I møtet vart alle relevante spørsmål drøfta, og seksjonsleiar Berit Jorid Flore og lufthamnsjef Sverre Bae gjorde greie for kvifor Avinor AS no ynskjer at avtale om kjøp av grunn skal utgjere ca. 12,4 da.

Det vart gitt grunnar for kvifor ein ikkje lengre har ynskje om å erverve areal stort ca. 200 da, slik tingingane ein har hatt tidlegare har omfatta.

Møtet var positivt og konstruktivt, og frå seksjonsleiar Berit Jorid Flore er etter møtet motteke framlegg til avtale, både så langt det gjelder kjøp av grunn, og avtale om rett til å ha «luft-hamngjerde» ståande på eigedom som framleis kommunane eig.

I framlegg til avtale vedkomande kjøp av grunn er spørsmål knytt til «brannøvingsfelt» omtala i pkt. 8. Måten sistnemnde er omtala på i avtaleframlegget er, så langt eg kan skjønne, i samsvar med dei føresetnadane partane utveksla synspunkt omkring i drøftingsmøtet 28.01.16.

Advokat Knut-Asbjørn Solevåg

Advokatassistent DNA Synnøve Fagerhaug

Postadresse: P.b. 372 Sentrum, 6001 Ålesund
Besøksadresse: Kongens gate 2
E-post: advokat@solevag.no
Internett: www.solevag.no

Telefòn: 70 10 93 90
Telefaks: 70 10 93 91
Mobil: 91 63 81 94
Privat: 70 19 05 22

Førr. konto: 6550 05 27190
Klientkonto: 6550 05 38419
Org.nr.: 971 368 314 MVA


ADVOKAT
KNUT-ASBJØRN SOLEVÅG
MNA

Sjølve dei økonomiske parametra for tilbakekjøp av grunn er tidlegare avtalefesta, jf pkt. 4 i avtale mellom Staten v/Samferdselsdepartementet og Ørsta kommune / Volda kommune datert 04.11.02 og 12.12.02.

Eg legg til grunn at dei to kommunane handsamar avtaleframlegga i respektive styringsorgan, dvs. dei to formannskapa.

Til framhaldande saksgang.

Ålesund, 1. februar 2016


Knut-Asbjørn Solevåg

Vedlegg: 2 framlegg til avtale

Kopi:

1. Avinor AS, Seksjonsleiar Plan og grunneigedom Berit Jorid Flore – berit.jorid.flore@avinor.no
2. Ørsta – Volda lufthamn, lufthamnsjef Sverre Bae – sverre.bae@avinor.no
3. Volda kommune, Rådgjevar Per Ernst Lundberg – per.ernst.lundberg@volda.kommune.no

PS 42/16 Orienteringssaker



HØGSKULEN I VOLDA - NYBYGG FOR MEDIEFAG - PROGRAMPROSJEKT 15.01.16

HVO//bp



Arbeidsgruppen på studietur -IT-univeistette i København,
arkitekt Henning Larsen

Del 1 Utgreiing av nybygg for mediefag

BAKGRUNN

Som eit ledd i det vidare arbeidet med oppfølging av Campus-utviklingsplanen for Høgskulen i Volda sette direktøren 17. september 2015 ned ei arbeidsgruppe for utgreiing av nybygg. Arbeidsgruppa fekk følgjande mandat:

- I denne fasen skal det lagast ein funksjonsanalyse/eit rom-program som beskriver behovet til dei samla mediefaga på HVO. Det er viktig at gruppa kjem opp med ei skisse til innhaldet i bygget og korleis den heng saman med resten av Campus. Gruppa må også vurdere ulike plasseringar på Campus.
- Lage ei skisse til eit nybygg for mediefaga som inkluderer alle mediefaglege aktivitetar. Bygget bør innehalde redaksjonslokale, radio- og fjernsynsstudio og produksjonsfasilitetar for ulike typar formidling.
- Vurdere om særlege kurslokale for t.d. medietrening, kriseøvingar, krisekommunikasjon skal inngå i nybygget
- Vurdere potensialet for eit sambruks-konsept som inneheld kino og eventuelt andre kulturhusfunksjonar
- Leggje basetenkinga til grunn for utforminga av bygget
- Vurdere plass til studentsamskipnaden sin administrasjon i eit nybygg

Denne rapporten inneheld to deler og har to vedlegg: Del 1 er arbeidsgruppa si utgreiing om behova for rom og funksjonar i eit nytt mediehus. Del 2 er Bakken Plan sitt programprosjekt, som syner korleis arealet i eit slikt mediehus kan organiserast og som også inneheld arkitektoniske visjonar for sjølve bygget. I tillegg er det lagt ved ein rapport frå arbeidsgruppa sin studietur og ei prosjektskisse for ny næringspark i Volda i Ivar Aasen-huset utarbeida av Martin Foldal.

Arbeidsgruppa fekk desse medlemmane:

Dekan Pål Aam, leiar

Ingeniør Reidulf Botn

Høgskulelektor Idar Flo

Dekan Aud Folkestad

Førstemanuensis Ivar John Erdal

Høgskulelektor Carl Jørgen Nasset

Sekretær: Avdelingsingeniør Margrete Apelseth

ARBEIDET I GRUPPA

Grunna kort frist for arbeidet, har gruppa hatt eit intensivt arbeid med hyppige møte, det første den 23. september 2015. Arbeidsgruppa har i alt hatt 11 møte, og i tillegg gjennomført ein studietur til Bergen, Manchester og København. I Bergen besøkte gruppa Universitetet i Bergen og blei orienterte om planane for MediaCity Bergen. I tillegg besøkte gruppa Kunsthøgskolen i Bergen og Høgskolen i Bergen. I Manchester besøkte gruppa Salford University og MediaCityUK og i København var gruppa på besøk hos IT-Universitetet og Danmarks Radio/DR-byen.

Vidare har gruppa hatt telefonmøte med Alda Morice Christensen, vår kontaktperson i Statsbygg. Siri Bakken, arkitekt frå Bakken Plan, som også gjennomførte Usabilityundersøkinga ved HVO i samband med Campusprosjektet i regi av Statsbygg for NSW as, vart engasjert i samband med utarbeiding av skisseprosjektet og har møtt gruppa to gonger i Volda.

I løpet av arbeidsperioden har gruppa vore i dialog med:

- Det mediefaglege miljøet
- Sunnmøre kulturnæringshage ved Martin Foldal
- Ordførar i Volda Jørgen Amdam
- Studentsamskipnaden
- Studentbokhandelen
- Seanse
- Studentane

VISJON FOR BYGGET

Campusutviklingsprosjektet lanserte slagordet Kompetanse for framtida i StudiebygdA. I samband med dette vart det slått fast at delar av bygningssmassen på HVO ikkje er godt nok eigna for å utvikle kompetansen for morgondagens samfunn og heller ikkje er eigna til å gje studentane dei tilhøva som trengst for å skape trivsel og gode arbeidsvilkår. Særleg gjeld dette for mediefaga.

Med utgangspunkt i eit planlagt senter for fremragende utdanning (SFU), skal HVO fornye og vidareutvikle posisjonen sin som akademisk kunnskapsformidlar. Satsing på pedagogikk, journalistikk og kreativ metodikk har gitt HVO eit sterkt og robust fagmiljø innan moderne formidling. Med tidsmessige lokalitetar og oppdatert utstyr, vil HVO vidareutvikle dette fagmiljøet til å møte framtidens informasjonsbehov både nasjonalt og internasjonalt. Ringverknadene av ei auka satsing på dette feltet vil ha positiv effekt både for medieutdanningane og for dei andre profesjonsutdanningane for velferdsstatens yrke og vidare for dei ulike fagstudia. Samstundes vil høgskolen utvikle verdfull kompetanse i høve fleksible utdanningstilbod.

Kaarstad-huset er eit signalbygg som opp gjennom tidene har profilert Volda som eit sentralt lærarutdanningsmiljø. No treng HVO eit nybygg som kan profilere høgskulen og satsinga på ny formidling og nye medium, ei vidareføring av folkeopplysningstradisjonen i Volda!

Målet må vere auka samvirke med regionen, og at ein gjennom det nye mediehuset kan medverke til å styrke utviklinga av høgskulen og regionen kulturelt, intellektuelt og næringsmessig.

STRATEGISK VURDERING

Eit nytt bygg for mediefag er strategisk viktig av fleire grunnar, både internt for skulen, for tilknytninga til regionen og for skulen sin posisjon nasjonalt.

Internt for skulen:

- Eit nybygg vil samle mediemiljøet ved Avdeling for kulturfag og Avdeling for mediefag. Dette vil gagne den faglege utviklinga av mediefaga i Volda og styrke samarbeidet mellom dei to avdelingane. Det er eit ønske frå leiinga ved HVO at mediemiljøet samarbeider tettare. Eit konsolidert mediemiljø på HVO vil gjere skulen i sterkare grad i stand til å holde den gode posisjonen og det gode omdømmet HVO har på området. Dette blir meir og meir krevjande med tanke på dei nye konstellasjonane innan utdanning HVO må konkurrere mot framover. Dette som eit resultat av den pågåande (våren 2016) strukturprosessen i høgare utdanning.
- Eit nybygg vil gjere det endå meir attraktivt å studere i Volda. Dette gjeld både mediefag, men også andre fag som kan nytte seg av bygget til undervisning eller aktivitetar på ettermiddags- og kvelds tid, som filmframsyningar, konsertar, teater eller anna.
- Det vil også bli meir attraktivt å arbeide med mediefag i Volda med eit slikt nybygg. Rekruttering, særleg av toppkompetanse, er noko som blir peika på som ei utfordring for HVO i åra framover.
- Fjernundervisning og nye digitale undervisningsformer er eit strategisk viktig område for HVO. Nybygget vil legge til rette for slik undervisning og styrke denne satsinga på tvers av alle utdanningane HVO tilbyr.
- Gode og moderne lokale vil også auke muligheita for å arrangere konferansar i regionen, noko som er viktig både for det offentlege, næringslivet og for HVO.

For tilknytninga til regionen

- Eit levande bygg som blir brukt til kino, teater, konsertar og andre lokale kulturføremål vil knyte høgskulen og lokalsamfunnet og regionen tettare saman. Det at HVO blir ein naturleg stad å oppsøke for slike positive opplevingar vil gjere skulen meir synleg for dei som bur i regionen og senke terskelen for å bruke skulen sine tilbod.
- Eit bygg som kan nyttast av næringslivet til seminar og kurs vil gjere banda mellom skulen og næringslivet tydeligare og sterkare, noko som også vil kome studentane til gode.
- Dersom det blir etablert ein kunnskapspark i det noverande Ivar Aasen-huset vil eit nytt bygg vere viktig og nyttig for aktivitetar knytte til ein slik park. Det vil styrke både parken og skulen. Mellom anna vil ein stor sal til konferansar, studio og andre spesialrom vere svært nyttig for dei som held til i parken og slik gjere parken meir attraktiv. Dette er igjen positivt for næringsutviklinga i regionen.
- Eigne område for utstillingar vil profilere alle utdanningane ved skulen for regionen. Alle som er innoom bygget vil bli betre kjende med det HVO står for historisk og det studentane og dei tilsette produserer i dag.

For skulen sin posisjon nasjonalt:

- Som skule vil eit nybygg vere med på å markere Volda nasjonalt med eit livskraftig, vitalt og offensivt mediemiljø. Dette er viktig i framtidige prosessar kring organiseringa av høgare utdanning i Noreg og sentraliseringstendensane som stadig blir sterkare i samfunnet.
- Eit samla og sterkare mediemiljø vil forhåpentlevis føre til betre koordinert medieforskning ved HVO, noko som igjen vil vere viktig for å kome godt ut av dei kvalitetskriteria skulen blir målt på.
- Mediemiljøet har mål om å etablere eit Senter for fremragende utdanning (SFU) i det nye bygget. Dette vil vere viktig for å markere skulen og mediemiljøet nasjonalt og styrke skulen sitt omdømme.
- Bygget vil kunne gje nye moglegheiter for vidare utvikling av Seanse – senter for kunstproduksjon



Foto er frå Media City Manchester.



Foto frå Høgskulen i Bergen, til venstre pent og tydeleg inngangsparti og til høgre informasjonstavle med oversiktskart i stort format.



FUNKSJONSANALYSE OG ROMPROGRAM

Følgande tekst utdjuper den første delen av dette dokumentet der visjonen for det nye bygget blir presentert med teikningar og skisser. Ikkje alle romma er teikna inn i det grove romprogrammet, men dei har plass i arealet som er planlagt i det nye bygget eller så kan funksjonen delast med andre rom ved hjelp av fleir- og sambruk.

Storsal/fleirbruksrom

Bruksområde: Dette store rommet skal kunne bli brukt til førelesingar, framvising av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/framsyningar og fleirkamera-produksjon. Det skal ha kapasitet til å huse store konferansar og mottakingar, og kan vere egna til temporære utstillingar. **Setekapasitet:** ca. 500 plassar. Om lag dobbel så stor publikumskapasitet ved bruk av flatt golv (Operahuset på Eid har 540 plassar, Storsalen i Førdehuset 590 plassar).

Brukarar: Dette rommet blir brukt til undervisning for mediefag (AMF + dagens MID) og anna undervisning på HVO. Det kan også vere egna som prosjektrum for drama/dans (Seanse/kulturproduksjon) viss det får takhøgde på minst fem meter. Det vil også vere godt egna til større fagkonferansar eller liknande i regi av høgskulen eller andre, og til bruk under Dokfilmfestivalen, Animasjonsfestivalen og andre arrangement. Det vil også vere ein stad for det lokale kulturliv, med til dømes konsertar, teater, ungdomsskulens Melodi Grand Prix, ballettskulens framsyningar, større kinoframsyningar og meir. Som ein del av planane kring ein ny kunnskapspark etablert i Aasen-huset er det signalisert at dette vil vere aktuelt å leige i samband med konferansar og liknande.

Tekniske krav:

Oppheva scene: For framføring av musikk, teater og liknande.

Alternativ 1: Scene som blir bygd opp manuelt med modular. Krev lagringssjass for modularane. Billegaste alternativ.

Alternativ 2: Scene som kan hevast og senkast maskinelt. Dyraste og teknisk mest krevjande alternativ.

Stort lerret for visning av film og anna audio-visuelt materiale. Projektor. Teleskoptribune med setekapasitet til ca 500 plassar vil gjere rommet fleksibelt i bruk. Gode og komfortable stolar (sjå td. trysilbyggprodukter.no). Galleri langs sidene for plass til kamera, fleirkameraproduksjon. God akustikk med gode lydanlegg, lysrigg mm

Kontrollrom


Garderobe/sminkerom i nærleiken

Greenroom

Lager til scene/scenestyr ol



Foto til venstre er frå inngangspartiet på HiB med resepsjon, til høgre frå foajeen.





Fleksible saler, foto BlackBox, Oslo, 2006

Fleirbruksrom/mindre sal

Bruksområde: Dette rommet vil bli brukt til undervisning og framvisning av film og anna audiovisuelt materiale i høg kvalitet, noko som er viktig for den audiovisuelle undervisninga ved skulen.

Brukarar: Undervisning fyrst og fremst for mediefag (AMF + dagens MID) og kulturfag. Det vil også vere godt eigna til bruk under Dokfilmfestivalen, animasjonsfestivalen og liknande arrangement. Det vil også vere ein stad for det kinoframsyingar med høg standard. Dersom det blir etablert ein ny kunnskapspark i Aasen-huset vil det vere ein aktuell leigetakar.

Tekniske krav:

Stort lerret for visning av film og anna audio-visuelt materiale. Projektor. Auditorium med setekapasitet på 80-100 plassar med faste komfortable stolar. Ein bør vurdere om stolane kan ha nedfellbare bord slik at det enklare kan nyttast til førelesingssal

Gode lydanlegg

Kiosk. Det bør knytast ein kioskfunksjon til fellesarealet/vrimlearealet på bygget med tanke på arrangement i desse to fleirbruksromma.

Bygget bør bli knytta til Berte Kanutte-huset gjennom ein passasje slik at ein ved ulike arrangement kan gå tørrskodd dit for å kunne nytte seg av kantine, garderobe etc.

Takterrasse:

Taket bør utnyttast til å lage ein stor takterrasse (vendt mot sør). Dersom delar av taket blir brukt til tekniske installasjonar (ventilasjon og liknande), bør dette plasserast mot nord. Takterrassen kan nyttast for ad-hoc kafe/ serveringsområde, både i samband med arrangement (til dømes Dokfilm-festivalen) men også i det daglege som «luftingsareal». Ei form for «parasollar» kan gjere takterrassen mindre avhengig av godt vør for å kunne brukast. Det skal ha teknisk utstyr slik at det er lagt til rette for enkel medieproduksjon på takterrassen.

Studioløysing(ar)

Sjå også punkt om Studio 3 under Vidare bruk av Strøm (TV-studio).

Studio for lyd- og videoproduksjon

Bruksområde: Fleksibelt studio for audiovisuell produksjon til einkamera, fleirkamera og lyd/radio. Eit viktig rom for bruk innan emne og prosjekt med fleirkameraproduksjon, einkamera-opptak, nyheitsstudio, filmminnspeiling osv. Også aktuelt for prosjekt i Seanse og distanseovergripande undervisning. Studio vil bli brukt i ei meir opa løysing med dagslys/vindaug med utsikt utover Volda. Både med tanke på kapasitet og bruksområde vil dette utfylle Studio 3 på ein god måte.

Tekniske krav:

- Tilstreккеleg takhøgde og installasjon for lysrigg i taket.
- Bør ha mulighet for å blende lys frå vindaug..
- Regi-rom i tilknytning til studio.
- Jamt golv utan skøytytar med tanke på kamerakøying/dolly.

Regirom

Bruksområde: Regirom for fleirkameraproduksjonar frå studio, salar, klasserom og andre areal på campus. Både til undervisning i medieproduksjonsemne, og til bruk av stab o.l. ved dekning/streaming av konferansar, arrangement o.l. Også relevant for distanseovergripande undervisning. Bør være lokalisert nær til TV/lyd-studio og storsal/fleirbruksrom.

Brukarar: Studentar på emne i journalistikk/tv og medieproduksjon ved Media, IKT og design. Stab til distanseovergripande undervisning, IT/streaming-ansvarlege og til eksterne kurs.

Tekniske krav:

- Sentralt plassert pga teknisk infrastruktur, og øvrige tekniske omsyn.
